



Rullestolinngangen er bygd ut frå krava om universell utforming.

Alle offentlege bygg og forsamlingshus skal ha universell utforming, noko som vil sei at huset skal vera tilpassa funksjonshemma og brukarar i rullestol. Eldre lagshus og kyrkjer er lite tilpassa for slik utforming. No har styret i Uskedal Indremisjon gjort eit stort arbeid med å gjera inngangen på Bedehuset funksjonell for alle uansett funksjonsevne. Alle kostnader er dekkja av egne midlar og arbeidet er gjort på dugnad.

Tor Øystein Myklebust fortel til Uskedalen.no at tiltaket gjer at huset er betre eigna for alle brukarar. Huset er meir attraktivt og kan få ein meir allsidig bruk. Det har vore ein slags rullestolinnangang på nordsida mot Stemneplassen, men terrenget og lende gjer at det ikkje let seg gjera å få til ei universell utforming. Difor var det viktig å finna ei løysing ved hovudinngangen på huset.

Jarle Apeland har levert naturstein til muren. Knuste massar og betongen kjem frå Dimmelsvik. Planlegging og arbeidet er gjort av huset sine egne folk. All kostnad er henta frå pengar på konto.

Det er også utført andre utbetringstiltak på Bedehuset, noko Uskedalen.no vil koma tilbake til i eiga sak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal